

NYTT
FRÅ

INSTITUTT FOR INFORMATIKK



2. FEBRUAR 2007

Innhold

Ny representant for gruppe B i fakultetet sitt forskarutdanningsutval
Viktige informasjonsmøte
Småforskmidler 2007
Publisering 2006

Gruppe B i fakultetet sitt forskarutdanningsutval



Ny representant for gruppe B (stipendiatar og postdoktorar) i fakultetet sitt forskarutdanningsutval er Håvard D. Enge frå Institutt for geovitenskap/CIPR.
Kontakt
e-post: havard.enge@geo.uib.no,
telefon: 83396,
kontor: CIPR, Realfagbygget 4. etg.

Viktige informasjonsmøte

7. februar: Om neste utlysning for VERDIKT, Oslo
15. februar: Om EUs forskingsprogram `Security`
For meir informasjon, sjå instituttet si intranettside
<https://intranett.uib.no/uPortal/render.userLayoutRootNode.uP>

Småforskningsmidler 2007

NFR gir ”små driftsmidler” også i 2007. For fullstendig intern utlysingsstekst, sjå:

http://www.uib.no/fa/content/Funding/important_calls.htm

underoppslag: Midlertidig ordning for tildeling av små driftsmidler. Der er også **Kriterier fra Norges forskningsråd**. Som i fjor skal korte søknader sendast til meg som vil prioritera dei og senda dei vidare til fakultetet. For å nå fakultetet sin frist (23. feb) må eg har søknadane **seinast 20. februar**.

Nokre hovudpunkt:

- Mottakere av støtte må være aktive forskere i fast vitenskapelig stilling.
- For å forenkle prosessen bør størrelsen på de enkelte bevilgningene legges opp mot maksimalt beløp på 150.000 kr, hvorav da opptil 40 % kan dekkes via Forskningsrådet.
- Det kan søkes om midler til reiser, seminarer, kurs, materiell, teknisk-administrativ assistanse og andre driftskostnader.
- Bevilgningene skal benyttes innenfor budsjettåret.
- Det forutsettes at midlene går til gode enkeltforskere/forskergrupper som ikke har store driftsmidler allerede. Instituttene må derfor være nøye med ikke å føre opp prosjektledere som allerede har fått store bevilgninger fra Forskningsrådet. Dette fikk UiB kritikk for i fjor, og vi måtte endre noen av tildelingene.

¹Universitetsledelsen ønsker å bruke ordningen mer konstruktivt og målrettet enn i fjor. Dette er blitt diskutert med dekanene. Det blir oppfordret til at midlene brukes til å støtte opp under nyetablerte og potensielt lovende forskere, som ennå ikke har fått tildelt store prosjektmidler (>3 mill) fra Forskningsrådet, men som instituttene ønsker skal få videreutvikle og posisjonere seg for ekstern finansiering. De unge er ofte kreative og nyskapende i sin forskning og kan således ha stort potensial, dersom de får muligheten til å videreutvikle ideene gjennom slike små driftsmidler. Dette kan være nyetablerte i fast vitenskapelig stilling eller postdocs/ PhD-kandidater/forskere som instituttene ønsker skal kvalifisere seg for fast vitenskapelig stilling. I sistnevnte tilfelle må midlene kanaliseres gjennom deres fast ansatte vitenskapelige veileder ved UiB.

Ordningen kan også nyttes til å støtte opp under nye kreative forskergrupper/forskingsmiljø på tvers av institutt- og fakultetsgrenser, som har felles visjon/forskningsmål som best kan nåes ved at flere disiplinmiljø møtes. En kan tenke seg at slike miljøer er nyetablerte basismiljøer som danner grunnlaget for SFF/Storforskningsprosjekter, og at midler kan bli stilt til disposisjon til delprosjekter for ulike forskermedlemmer som inngår i slike innovative miljø. Her kan såleis 3-6 forskere fra samme institutt eller ulike institutt og fakultet søke sammen om et felles konsept inndelt i flere underprosjekter med ulike prosjekttitler.

Publisering 2006

Internfristen eg har sett for registrering i Frida har gått ut, og eg skal no kontrollere alle registreringane. Det er likevel framleis råd enno nokre dagar å registrere publikasjonar som ikkje har kome med. Det aller meste er nok alt registret og takk for arbeidet. Her er litt statistikk.

I 2004 produserte vi 79 publikasjonspoeng, i 2005 75 publikasjonspoeng. Med same publikasjonsrate kunne vi venta ein reduksjon på om lag 20% i 2006 av to grunnar. Fyrst og fremst fordi 20% av dei faste vitskaplege tilsette vart flytta frå instituttet i 2005 (numerikkgruppa). Vidare har det vore ei innskjerping av kva og korleis det skal registrerast. Publikasjonar skal registerast under Institutt for informatikk berre om instituttet står som adresse på publikasjonen. Dette betyr at dei fleste publikasjonane til våre tilsette i II-stillingar ikkje tel med i år sidan dei normalt berre oppgir heimeinstitusjonen som adresse på sine publikasjonar. Budsjettet vårt for 2007 var såleis basert på 60 publikasjonspoeng i 2006. Det må difor nesten seiast å vera sensasjonelt godt at vi ser ut til å ha produsert nesten 95 publikasjonspoeng i 2006 (med atterhald om at eg har rekna rett). Talet på journalartiklar var 82 mot 75 i 2005. Fleire av journalartiklane vart publisert i journalar på nivå 2 og det er hovudgrunnen til at vi har ein auke i publikasjonspoeng. Vi hadde 22 publikasjonar i proceedings mot 24 i 2005. Det har såleis vore ei ei viss flytting av publisering frå proceedings til journalar og auke i journalartiklar på nivå 2. Det kan tyda på at premieringa og vektinga har hatt noko av den effekten som var tiltenkt.

I 2007-budsjettet, med data basert på 2005, fekk UiB om lag 40.000 for kvart publikasjonspoeng (av dette vart 1.300 fordelt vidare til fakultetet!).

Våre publikasjonar i 2005 resulterte såleis ein auke i UiB si tildeling på om lag 3 millionar (og av dette vart om lag 97.500 fordelt vidare til fakultetet). Sidan utdeling av resultatmidlar er eit nullsumspel veit vi ikkje kor mykje kvart publikasjonspoeng i 2006 er verdt for UiB, men antar vi 40.000 som i 2005 vil våre publikasjonar bidra til om lag 3,8 millionar i tildelinga for 2008.

Eit anna gledeleg trekk ved publiseringa i 2006 er at så mange har publisert. I alt har 57 av våre tilsette vore medforfattar av ein eller fleire artiklar som gir publikasjonspoeng. Av desse har 9 bidratt med 4 publikasjonspoeng eller meir, 5 har 2-4, 19 har 1-2, og 24 mindre enn eit publikasjonspoeng.



2










1










3

Nedanfor er topp-fjorten-liste som inneheld alle med to publikasjonspoeng eller meir. I tillegg til publikasjonspoeng inneheld lista talet på publikasjonar av ulike slag (desse tala er ikkje normert for talet på medforfattarar):

Journalartiklar nivå 2 – journalartiklar nivå 1 – proceedingsartiklar nivå 1.

 9.57	Hellesest 9.57 6-3-0
 5.72	Heggernes 5.72 3-7-0
 5.48	Fomin 5.48 2-9-0
 4.50	Parker 4.50 3-1-0
 4.44	Ytrehus 4.44 2-1-3
 4.35	Ness 4.35 3-0-1
 4.25	Kolosha 4.25 3-1-0

 4.23	Walicki 4.23 2-2-1
 4.00	Ågotnes 4.00 1-2-0
 3.80	Villanger 3.80 2-2-1
 3.03	Telle 3.03 1-5-0
 3.00	Rosnes 3.00 2-0-0
 2.50	Danielsen 2.50 2-0-0
 2.00	Hole 2.00 2-0-0